

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 13. juni 2018 kl. 11.15

Stad: seminarrom 217 i HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Harry Solvang (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Shouhui Zhao (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk).

Frå gruppe B: Gunn Inger Sture

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Anders Olderkjær Samland, Joakim Fossan, Stine Haugland, Synne Hopland Iversen, Kari Johnsen Skjelsvik og Erika Amdahl af Gejerstam.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla for seg.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 11. april 2018

Referatet er lagt ved denne innkallinga.

Sak 3 – orienteringssaker

A) Status for tilsetjing i faste stillingar, postdoktor- og stipendiatstillingar

Sak 4 – Budsjettinnspel til fakultetet for 2019

Fakultetet bed kvart år institutta om å koma med innspel og prioriteringar til neste års budsjett, jf. det vedlagde brevet frå fakultetet til institutta frå 3. mai i år. Utkast til svarbrev frå instituttet vert sendt ut til medlemmane av instituttrådet i veke 23, slik at instituttrådet kan drøfta prioriteringane i møtet. Instituttleiar sender deretter inn brev med budsjettinnspel til fakultetet innan 15. juni.

Sak 5 – Nytt valreglement ved UiB

Universitetsstyret har sett ned ei arbeidsgruppe som har kome med framlegg til revidert valreglement for UiB, og dei aktuelle dokumenta er sende ut til alle ved instituttet 1. juni (e-post frå Arve Kjell Uthaug). Det viktigaste framlegget til endring:

- Det blir ikkje lenger rom for å dela inn ei stillingsgruppe i separate valkrinsar. I dag har gruppe A (fast vitskapleg tilsette) fire ulike valkrinsar ved HF, slik at kvart institutt vel inn ein representant frå gruppa til fakultetsstyret. Arbeidsgruppa gjer framlegg om å fjerna denne ordninga, slik at alle fast vitskapleg tilsette utgjer ein og same valkrins også ved valet til fakultetsstyre.

Andre endringar i reglementet er omtala i vedlegga til e-posten frå 1. juni. Instituttleiar inviterer rådet til å drøfta framlegget frå arbeidsgruppa og vil uttala seg på vegner av instituttet innan høyringsfristen 18. juni.

Sak 6 – Meritteringsordning for undervisning ved UiB

Undervisningskoordinator Synnøve Ones Rosales sende ut saka om meritteringsordningar for undervisning til alle ved instituttet 22. mai. Rosales sender utkast til høyringsfråsegn frå IF til rådsmedlemane i veke 23.

Framlegg til vedtak: Instituttrådet vedtek framlegget til høyringsfråsegn om meritteringsordningar for undervisning.

Sak 7 – ymse

Åse Johnsen,
instituttleder

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef